



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200808012-4/146/TONHAU

Dykkar ref.:

Bergen, 01. september 2008

Løken-utvalet - fråsegn

Fylkesutvalet i Hordaland hadde saka føre i møte 27. august i år, sak 190/08, og det vart gjort slikt vedtak:

1. Løken-utvalet peikar på trongen for meir systematisk og kontinuerleg innhenting av kunnskap, mellom anna om korleis gjeldande tilskotsordningar samspekar med andre tilskotsordningar. Hordaland fylkeskommune ber Kultur- og kyrkjedepartementet om å ta initiativ til ein meir systematisk gjennomgang av heilskapen i norsk kulturforvaltning, med vekt på samhandling og oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa. I dette arbeidet må og regionale interesseorganisasjonar trekkjast inn.
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegget om at det må opprettast ordningar for vidareføring av støtte ("videreføringsstøtte").
3. Løken-utvalet peikar på dei utfordringar som gjeld omsynet til naudsynt desentralisering og spreiding av skjønnsutøving når det gjeld tildeling av kulturmidlar. Kultur- og kyrkjedepartementet må følgja opp arbeidet med retningsliner og utforming av praksis som sikrar at desse omsyna vert ivareteke.

Hordaland fylkeskommune ser det som nasjonalt naudsynt at staten stimulerer og byggjer opp alternative regionale kunstfaglege kompetansmiljø, arenaer og forvaltningsordningar som motvekt mot den tiltakande sentraliseringa i norsk kunst- og kulturliv."

Kopi av saksførelegg med særutskrift ligg ved.

Venleg helsing

Ronny B. Skaar
konst. fylkeskultursjef

Tone Stedal Haugland
spesialrådgjevar